

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Kommunestyresalen, Rådhuset
Tidspunkt:	11.12.2023 , kl. 16:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Morten Helland	Ordfører	KRF
Ragnfrid Sønstabø	Varaordfører	H
Birgit Sønstabø Esperø	Medlem	KRF
Karsten Sigve Fylkesnes	Medlem	KRF
Sigrid Ådnanes Tolås	Medlem	KRF
Marita Ådnanes	Medlem	KRF
Jørgen Søvold	Medlem	H
Signe Lund Jansen	Medlem	H
Christer Agasøster	Medlem	H
Sonja Hellen Sele	Medlem	H
Anne T. Johannessen	Medlem	FRP
Frode Urangsæter	Medlem	FRP
Georg Lønning	Medlem	FRP
Marianne Steinsvåg Tollaksvik	Medlem	FRP
Joar Nesse	Medlem	INP
Bente Spissøy	Medlem	INP
Jan Atle Haugland	Medlem	INP
Hans Eidesvik	Medlem	INP
Thomas Kråkevik-Liaøy	Medlem	AP
Siv Linda Vespestad	Medlem	AP
Mari Pedersen Totland	Medlem	AP
Sverre Hagerup Sørensen	Medlem	AP
Bjørn Asle Teige	Medlem	SP
Heidi Grindheim Nimoson	Medlem	K
Unni Seim	Medlem	SV

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sammy Olsen	Medlem	SP
Rune Kvernenes	Medlem	H

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Vegard Enerstvedt	Rune Kvernesnes	H
Leif Christian Andersen	Sammy Olsen	SP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Kjetil Aga Gjøsæter	kommunedirektør
Bente M. Sæverud	sekretær

Saksnr.	Innhold
OT 8/23	Open talarstol
GK 8/23	Godkjenningssak
OS 8/23	Orienteringssak
PS 92/23	Garanti for låneopptak NOK 50 000 000 - Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS
PS 93/23	Gebyr vatn og avlaup 2024
PS 94/23	Årsavgifter renovasjon 2024
PS 95/23	Årsavgifter slam 2024
PS 96/23	Gebyr for tekniske tenester 2024
PS 97/23	Årsavgift for feiing og tilsyn 2024
PS 98/23	Årsbudsjett 2024, økonomiplan 2025-2027
PS 99/23	Reglement for godtgjersle til kommunale folkevalde i Bømlo
SI 50/23	Spørsmål og interpellasjonar

OT 8/23 Open talarstol

Saksprotokoll i Kommunestyret - 11.12.2023

Ingen.

GK 8/23 Godkjenningssak

Saksprotokoll i Kommunestyret - 11.12.2023

Møteinnkalling: Godkjent

Sakliste: Godkjent, sak 99/23 vert behandla før sak 98/23.

Møteprotokoll frå møte 04.12.23: Godkjent.

OS 8/23 Orienteringssak

Saksprotokoll i Kommunestyret - 11.12.2023

Kommunedirektør Kjetil Aga Gjøsæter orienterte:

Det vart gitt ei orientering for status på drift, økonomi og skatt i førre møte. Eg nemnde at det nylig er kome nye tal for skatteinngang. Disse blir lagt ved protokollen til dette møtet.

Kort om resultatet;

Skatteinngangen i november var vesentleg svakare enn i 2022. Dette var venta. Me fekk inn 78 mill. kr mot budsjettet 82 mill. kr. Prognosen for årets skatteinngang er no på 419 -420 mill. kr mot budsjettet 425 mill. kr.

For å nå budsjettmålet er me avhengig av at skatteinngangen for landet ikkje vert dårlegare enn vår eigen skatteinngang. Mest sannsynleg utfall tilseier mellom 22 – 23 mill kr i inntektsutjamning. Dersom

dette slår til får me ein svikt i samla inntekter skatt og inntektsutjamning på kr 2-3 millionar i forhold til budsjett for 2023.

Spørsmål som vart stilt i førre møte blir svara ut til neste ordinære kommunestyremøte.

0	Skatt	Budsjett	Akkumulert Vekst 2022-2023 i %
Januar	55 990	55 500	-0,66 %
Februar	2 402	1 700	1,50 %
Mars	68 136	65 000	3,80 %
April	860	2 500	2,87 %
Mai	74 578	75 000	2,33 %
Juni	6 689	8 000	1,81 %
Juli	50 850	48 000	3,32 %
August	3 821	6 500	2,24 %
September	71 247	73 030	2,23 %
Oktober	1 159	2 111	1,98 %
November	78 060	82 000	-3,17 %
Sum	413 792	419 341	-3,17 %
Avvik budsjett	-5 549		
		Budsjett	Akkumulert Vekst 2022-2023 i %
	Inntektsutjamning		
Januar	-981	-345	5,48 %
Februar	133	427	-5400,00 %
Mars	3 396	1 132	-19,44 %
April	1 701	502	-10,49 %
Mai	3 548	6 706	-12,99 %
Juni	2 397	3 022	-7,44 %
Juli	-251	0	-18,34 %
August	1 239	500	-23,02 %
September	4 605	3 000	-24,61 %
Oktober	970	1 100	-24,78 %
November			
Sum	16 757	16 044	-23,02 %
Avvik budsjett	713		
Samla avvik skatt og inntektsutjamning	-4 836		

Ordfører Morten Helland orienterte kort om møte i kontaktutvalet for Bømlopakken 07.12.2023, referatet fra møtet vert lagt på ipad til medlemmene.

PS 92/23 Garanti for låneopptak NOK 50 000 000 - Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Bømlo kommune garanterer med sjølvskuldnarkausjon for lån som Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS tek opp til investeringar i utbygging av leidningsnett for vassforsyning og avlaup i 2024.
2. Garantien gjeld for hovudstolen til lånet maksimum kr 50 000 000 med tillegg av 10% av den til ei kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av påløpne renter og omkostningar. Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstige 50 000 000 kroner + 10%.
3. Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga av lånet og opphøyrer etter 38 år med tillegg av inntil 2 år.
4. Garantien skal godkjennast av Statsforvaltaren før den er gjeldande, jfr. Kommuneleva §14- 19.

Saksprotokoll i Formannskapet - 23.11.2023

Innstilling:

Formannskapet **innstiller** samrøystes overfor kommunestyret i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 11.12.2023

Vedtak:

Kommunestyret gjorde samrøystes **vedtak** i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg.

PS 93/23 Gebyr vatn og avlaup 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å auke årsgebyra for vatn etter areal og etter målt mengde med 15%
2. Kommunestyret vedtek å auka årsgebyra for avlaup etter areal og etter målt mengde med 5%.
3. Tilknytingsgebyra for vatn og avlaup vert haldne uendra
4. Leigeprisar for vassmålur vert haldne uendra
5. Maksimumsbeløp for uforholdsmessig høge kostnader ved pålegg om tilkopling til offentleg vatn/avlaup, jamfør plan- og bygningslova §27-2 vert fastsett uendra på kr.200.000,- inkl. mva.

Saksprotokoll i Formannskapet - 23.11.2023

Innstilling:

Formannskapet **innstiller** samrøystes overfor kommunestyret i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 11.12.2023

Vedtak:

Kommunestyret gjorde samrøystes **vedtak** i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg.

PS 94/23 Årsavgifter renovasjon 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

	2023	2024	2024
--	------	------	------

	Gebyr i kroner u/mva	Gebyr i kroner u/mva	Gebyr i kroner m/mva
Bioavfall 140 l	430	390	487,50
Glas og metall 140 l, tømming kvar 8 veke	174	180	225,00
Glas og metall 660 l, tømming kvar 8.veke	500	500	625,00
Papiravfall 140 l, tømming kvar 4. veke	210	210	262,50
Papiravfall 240 l, tømming kvar 4.veke	340	340	425,00
Papiravfall 600 l, tømming kvar 4. veke	950	950	1187,50
Restavfall 140 l, tømming kvar 2. veke	570	640	800,00
Restavfall 240 l, tømming kvar 2. veke	970	1100	1375,00
Restavfall 370 l, tømming kvar 2.veke	1470	1500	1875,00
Restavfall 660 l, tømming kvar 2.veke	2700	2800	3500,00
Sekker øyer	1200	1600	2000,00
Abonnementsgebyr hus	1030	1010	1262,50
Abonnementsgebyr hytter	1160	1180	1475,00
SIM kan fastsetja gebyret ved andre renovasjonsordningar			

Saksprotokoll i Formannskapet - 23.11.2023

Innstilling:

Formannskapet **innstiller** samrøystes overfor kommunestyret i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 11.12.2023

Behandlinger:

Heidi Nimoson (K) bad kommunestyret vurdere habilitet då ho har saksbehandla saka. Ho forlot sete under behandling av habilitet. Kommunestyret var samrøystes i at ho var inhabil jfr. Fvl. § 6.

Saka vart behandla med 26 medlemmer.

Vedtak:

Kommunestyret gjorde samrøystes **vedtak** i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg.

PS 95/23 Årsavgifter slam 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

	2023		Framlegg 2024
Tømming av slamtankar:	Årsgebyr i kroner u/mva	Årsgebyr i kroner u/mva	Årsgebyr i kroner m/mva
Tømming kvart 2.år (hus),tankvolum 0-4m ³	750	750	937,50
Tømming kvart 4.år (hytte),tankvolum 0-4m ³	375	390	487,50,
Tømming kvart år, tankvolum 0-4m ³	1450	1475	1843,75,
Felles, delt tank tømming kvart 2.år	500	500	625
Felles, delt tank, tømming kvart 4.år	220	220	275
Felles, delt tank, tømming kvart år	1075	1075	1343,75

Slamtank 4,1-9,5m ³ tømming kvart 2.år	850	870	1087,5
Slamtank 9,6-16,5 m ³ , tømming kvart 2.år	1900	2000	2500
Slamtank > 16,5 m ³ per m ³ per tømming	370	380	475
SIM kan fastsetja gebyret ved andre typar tankar og tømmingar. Naudtømming vert fakturert direkte frå SIM.			

Saksprotokoll i Formannskapet - 23.11.2023

Innstilling:

Formannskapet **innstiller** samrøystes overfor kommunestyret i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 11.12.2023

Behandlinger:

Heidi Nimoson (K) bad kommunestyret vurdere habilitet då ho har saksbehandla saka. Ho forlot sete under behandling av habilitet. Kommunestyret var samrøystes i at ho var inhabil jfr. Fvl. § 6.

Saka vart behandla med 26 medlemmer.

Vedtak:

Kommunestyret gjorde samrøystes **vedtak** i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg.

PS 96/23 Gebyr for tekniske tenester 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Framlagt revidert gebyr vert vedteke med verknad frå 01.01.2024.

Saksprotokoll i Formannskapet - 23.11.2023

Innstilling:

Formannskapet **innstiller** samrøystes overfor kommunestyret i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 11.12.2023

Behandlinger:

Vegard Enerstvedt (H) bad kommunestyret vurdere habilitet, han er son til kommunalsjef Tone Stavland som er overordna til sakshandsamar. . Han forlot sete under behandling av habilitet. Kommunestyret var samrøystes i at han var inhabil jfr. Fvl. § 6.

Saka vart behandla med 26 medlemmer.

Vedtak:

Kommunestyret gjorde samrøystes **vedtak** i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg.

PS 97/23 Årsavgift for feiing og tilsyn 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Årsavgift for feiing og tilsyn i bygningar med fyringsanlegg for 2024 vert sett til kr. 557,- inkl. mva pr. år. (kr. 445,60 ekskl. mva.) Dette er ei auke frå 531,- pr. år.

Saksprotokoll i Formannskapet - 23.11.2023

Innstilling:

Formannskapet **innstiller** samrøystes overfor kommunestyret i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 11.12.2023

Vedtak:

Kommunestyret gjorde samrøystes **vedtak** i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg.

PS 98/23 Årsbudsjett 2024, økonomiplan 2025-2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek årsbudsjett 2024 og økonomiplan for åra 2025 – 2027 slik det ligg føre/med desse endringane:
2. Kommunestyret vedtek i samsvar med innstilling frå kontrollutvalet følgjande budsjetttramme for kontroll og tilsyn i kommunen: kr 1 586 000.
3. Skattøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunale skattøre.
4. Kommunestyret vedtek følgjande eigedomsskattevedtak:
 - a. I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 bokstav a) skal følgjande utskrivingsalternativ for eigedomsskatt nyttast for skatteåret 2024: Eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen.
 - b. Kommunar som til og med år 2018 skreiv ut skatt på kategorien verk og bruk, kan frå 2019 til og med 2024 vedta å skriva ut skatt på eit særskild fastsett grunnlag. Grunnlaget er differansen mellom ny takst for objekta frå 2019 og skattegrunnlaget i 2018: Det vert skrive ut skatt på det særskilde skattegrunnlaget som skal vere lik ein sjuandedel av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019, i 2024. (overgangsregel til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd første pkt).

- c. Skattesatsen vert sett til 3,2 ‰ av takstverdet for bustader og fritidseigedomar. Skattesatsen vert sett til 3,4‰ av takstverdet for næringsseigedom og ubebygd grunneigedom. Skattesatsen på det særskilde grunnlaget vert sett til 3,4‰
- d. I medhald av eigedomsskattelova § 7a og b gir kommunestyret fritak for eigedomsskatt for 2024 til eigedomar tilhøyrande stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagne ein kommune, eit fylke eller Staten og eigedomar av historisk verdi. Dei eigedommane som etter eigedomsskattelova § 7 har fått fritak i tidlegare år får fritak for eigedomsskatt i 2024.
- e. Ved utskriving av skatt på bustadeigedommar nyttar kommunen skatteetaten sitt formuesgrunnlag for dei bustader kor dette er berekna (eigedomsskattelova § 8 C-1)
- f. Takstar som følgje av almen taksering gjennomført i 2022 skal nyttast på alle eigedommar som ikkje er omfatta av skatteetaten sitt formuesgrunnlag.
- g. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.
- h. Eigedomsskatten skal betalast i 4 terminar.
5. Kommunestyret vedtek å ta opp inntil kr 20 000 000 i startlån til vidare utlån. Lånet er innarbeida i investeringsbudsjettet for 2024. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lånet i Husbanken.
6. Kommunestyret vedtek å ta opp inntil kr 37 390 000 i lån til investeringar i bygg, anlegg og utstyr jfr. Kommunelova §14-15. Lånet inngår i kommunen si samla låneportefølje. Lånegjelda skal nedbetalast med minimumsavdrag, jfr kommunelova § 14-18. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån, jfr. kommunen sitt finansreglementet. Kommunestyret vedtek at låneporteføljen til kommunen, og alle lån i porteføljen kan refinansierast i budsjettåret. Kommunedirektøren står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opphavleg vedtak.
7. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele lønnsreserven i samsvar med resultatet av lønnsforhandlingane for 2024. Kommunedirektør får fullmakt til å endra driftsbudsjettet mellom rammeområda der endringane er av budsjett-teknisk og ikkje-prinsipiell karakter.
8. Kommunestyret vedtek å busetje 60 flyktningar i 2024
9. Kommunestyret vedtek kommunalt tilskot med kr 3 147 000 til Bømlø kulturhus KF. Tilskotet omfattar husleige for Kulturskulen og Biblioteket
10. Kommunestyret vedtek å ta opp trekkrett/kassakreditt i Sparebanken1 SR-bank med ei ramme på inntil 100 mill. kr. Kommunedirektøren får fullmakt til å disponere trekkretten.

Saksprotokoll i Formannskapet - 23.11.2023

Behandlinger:

Nytt framlegg frå Bjørn Asle Teige (SP):

- Budsjettforslaget som er framlagt vert sendt tilbake til administrasjonen.
- Budsjettet må justerast for å jevne ut forbruk/drift for både 2024 og 2025.

Framlegget frå Bjørn Asle Teige (Sp) vart sett opp mot framlegget frå kommunedirektør.

Framlegget frå kommunedirektør var mot to røyster vedteke (Bjørn Asle Teige (Sp) og Joar Nesse (INP)).

Innstilling:

Formannskapet **innstiller** overfor kommunestyret i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg (mot to røyster).

Saksprotokoll i Kommunestyret - 11.12.2023

Behandlinger:

Framlegg frå Ragnfrid Sønstabø (H) på vegne av H, KrF og Frp:

Punkt 1–10 som kommunedirektøren med unntak av endring i punkt 4 c som skal lyde:

c) Skattesatsen vert sett til 2,7 ‰ av takstverdet for bustader og fritidseigedomar. Skattesatsen vert sett til 3,0 ‰ av takstverdet for næringsseigedom og ubebygd grunneigedom.

Skattesatsen på det særskilde grunnlaget vert sett til 3,0 ‰.

11. Budsjettpostar i kommunedirektøren sitt framlegg vert justert etter dette oppsettet: (i heile 1000 kroner):

DRIFTSBUDSJETT	Auke/reduksjon inntekt	Inndekning
Auka driftstilskot til Moster amfi i jubileumsåret	500	
Auke i skatte-/inntektsutjamning basert på innbyggjarar (oppdaterte tal på innbyggjarar)		
Nivå eigedomsskatt til 2,7/3,0 promille	5 700	
Budsjettforlik, auke i kommuneramma (noko avsett til SFO)		
Reduksjon av kommunedirektøren si styrking av driftsbudsjett 0,2 prosent		
Justere opp sats til Frivilligsentralen, i tråd med auke frå statleg overføring og auka kommunal del	150	
Sum	6 350	
INVESTERINGSBUDSJETT	Reduksjon finansiering i investeringsbudsjettet	Reduksjon utgå investeringsbudsjettet
Sum sett av til skulebruksplan		
Tilbakeført finansiering salsinntekter/investeringsfond	500	

12. Kommunestyret ber om at det gjeve ein status på arbeid med «Helt med» i Bømlo kommune, med eit mål om å ta i bruk tiltaksplassane me kan få gjennom dette prosjektet.
13. Kommunestyret ber om ei utgreiing av byte av pensjonsleverandør for Bømlo kommune. Denne skal gjennomførast før budsjetttrunden for 2025.
14. Kommunestyret ber om ein gjennomgang av eigedomsporteføljen til Bømlo kommune. Det skal vurderast sal av eigedomar som ikkje er i bruk, inkludert kommunale kaier.
15. Kommunestyret ber om ei sak der det vert greia ut om det er føremålstenleg å nytta vikarpool for helse og skule.
16. Kommunestyret ber om ei sak der det vert greia ut om det mogleg at seniorar som ønskjer det, kan stå lenger i arbeid, anten som ekstraressurs eller i fast stilling.
17. Kommunestyret ber om ei vurdering av om kommunale verksemder som Viergo AS og Basen i større grad kan nyttast i kommunal tenesteproduksjon, til dømes i tekniske tenester og uteseksjon.
18. Innsparing som kjem som følgje av endrings- og effektiviseringsprosessar skal nyttast til å betra det økonomiske handlingsrommet til kommunen.

19. Kommunestyret ber om at budsjettprosessen vert lagt om slik at politisk nivå blir tidlegare og meir involvert, allereie etter første tertialrapport. Kommunestyret ber kommunedirektøren koma tilbake med eit forslag til korleis dette kan gjerast. Det er dømer på slike prosessar i Vaksdal kommune og i Vestland fylkeskommune.
20. Kommunestyret ber om ei oversikt over ikkje-lovpålagte oppgåver/tenester i kommunen. Denne skal vera klar i løpet av våren 2024.
21. Kommunestyret ber om ei utgreiing, anten som ei eiga sak, eller i kommunedelplanen om idrett, kultur og frivilligheit, om korleis me på best mogleg måte kan ivareta utbygging og forvaltning av idretts- og nærmiljøanlegg i heile kommunen. Det er naturleg å sjå på om Sentralidrettsanlegget AS i større grad kan vera involvert i fleire prosjekt, eller om det skal lagast eitt eller fleire nye selskap som jobbar for same interesser.
22. Ved utarbeiding av kulturplanen ber me om at det vert gjort ei heilskapleg vurdering av korleis den økonomiske støtta frå kommunen vert fordelt mellom ulike lag, organisasjonar og aktørar.
23. Kommunestyret ber om at det frå kommunen si side vert arbeidd med å få til ein «bygdabuss», eventuelt ei «ringrute» mellom, eller i, bygdene.
24. Reduksjonen på 0,2 % i driftsbudsjettet kan fordelast ulikt på seksjonane. Administrasjonen legg fram forslag og rapporterer til formannskapet ved statusrapportering på drift.

Framlegg frå Thomas Kråkevik- Liaøy (Ap):

AP støttar Kommunedirektøren sitt framlegg med følgjande tilleggspunkt:

1. Kommunestyret ber om at ein setter ned eit utval som skal jobbe for å tilrettelegge for at ein får ein berekraftig heiltidskultur i Kommunen. Her må ein nytta trepartsamarbeidet og involvere tilsette, tillitsvalde og vernetenesta.
2. Kommunestyret vil auka stillinga for hovudverneombod for Bømlo kommune til heil stilling. Dette vil vera eit viktig tiltak for å sikra eit godt fysisk og psykisk arbeidsmiljø, for å redusera sjukefråværet og arbeida aktivt med heiltidskultur i kommunen. Kommunestyret ber om at dette blir innarbeida i revidert budsjett på våren 2024.
3. Kommunestyret vil at arbeidet med aktivitetspark i sentrum skal starta opp våren 2024 og ber om at det blir satt ner ei gruppe som skal sjå på moglege løysingar og plassering av denne. I gruppa bør det vera representantar for ungdomsrådet, Sentralidrettsanlegget, rådgiver kultur samt 2 politikere.
4. Kommunestyret vil at det skal sjåast på oppgåvefordelinga innanfor henholdsvis helse og skule, for å bruka ressursane betre.
5. Kommunestyret vil at kommunen skal sørge for at kommunen har eigne lærlingplassar i henhold til KS sitt måltal, 2 lærlingar pr 1000 innbyggjarar, og at det blir innført læreplassgaranti innafør kjerneområdet helse og omsorg.

6. Kommunestyret vil at Kommunen innfører garanti for tilsetjing i heil fast stilling etter fullført læretid innafor helse og omsorg.

Thomas Kråkevik-Liaøy (Ap) la fram framlegg om eit tillegg/endra punkt i framlegget frå Ragnfrid Sønstabø (H) pkt. 15

- Kommunestyret ber om ei sak der det vert greia ut om det er føremålstenleg å nytta kommunal vikarpool for helse og skule.

Framlegg frå Joar Nesse (INP):

Siden me har liten tilgang for å sjå heilheita i Bømlø kommune sitt budsjett, så er det vanskelig å finne dei helt store innsparingene å ta tak i, men me ser at enkelte ting kan forbedrast. Innførte tiltak og endringar må følgjast opp for å sjå om ønska effekt blir oppnådd. Revidering av budsjettet for 2024 og arbeid med budsjett for 2025 bør starta så snart som mogleg etter at revidert nasjonalbudsjett vert lagt fram før sommaren.

1 ÅRSVERK

- a. Fryse antall årsverk til gjeldande 819. Unntak er der auke av stillingsprosent vil medføre reduserte kostnader for overtid og sjukefråvær, og stillingar som erstattar bruk av vikarar.
- b. Grunna mindre inntekter frå gebyr og lignende reduseres administrasjonen med 6 årsverk. Disse årsverka flyttes til budsjett for avdelingar med stort bruk av overtid og vikarar.
- c. Ved naturleg avgang skal kost/nytte for rolla vegast opp mot behov i avdelingar med stort bruk av overtid og vikarar.
- d. Dei seniorar som ønskjer å stå lengre i tenesteytande stillingar bør om mogleg få tilbod om dette der kost/nytte analyse er positiv.
- e. Bruke interne reinhaldsressursar /opprette stillingar for reinhald i heimetenesta slik at ein sluttar å nytte dyrare og faglærde pleiarar i heimetenesta til husvask. Dette vil frigjere ressursar i heimetenesta og mogleg auke trivsla, redusere stressnivå og dermed redusere sjukefråvær.
- f. Alle leiarar får eit mål om å redusere bruk av vikarar og overtid med 5%.

2. VARE OG TENESTEKJØP

- a. Innsparing ved kjøp av varer og tenester med 2% samanlikna med 2023. Da tallgrunnlaget ikkje er heilhetlig i informasjonen me har mottatt, kan me ikkje tallfeste innsparinga og ber Kommunedirektøren om riktig tallgrunnlag.
- b. Bruke Viergo AS og Basen i kommunal tenesteproduksjon, som t.d i tekniske tenester og uteseksjon. Dette kan redusera kjøp av tenester frå andre kommunar og leverandørar og gje betydeleg innsparing.
- c. Reforhandling av rammeavtalar, innkjøpsavtalar og leasingavtalar for å sikre at kjøp av varer og tenester på desse avtalene ikkje er høgare en lågaste marknadspris.
- d. Gjennomgang av leigeavtalar der leige av eigedom må sjåast opp mot å bruke kommunale eigedommar. Døme: Behov for å leige av lokalar til vaksenopplæring til kr. 1.500.000 årleg når ein har mykje eigen kapasitet.

3. PENSJON OG FORSIKRING

Bømlo Kommune må ut i marknaden og forhandle beste tilbud på leverandør av pensjonstenester og forsikringstenester. Dette må gjerast i samarbeid med fagforeningane.

4. EIGEDOMSSKATT

Bømlo INP er imot auke i eigedomsskatt. Fram mot neste budsjett skal eigedomsskatten frysast eller senkast og i økonomiplanen for perioden fram mot 2027 skal det arbeidast for å redusera eigedomsskatten. Kostnader for taksering av eigedom og innkrevjing av eigedomsskatt må framgå rekneskapen slik at netto inntekt frå eigedomsskatt kan forståast.

Framlegg frå Heidi Nimoson (K):

Punkter til betringar/endingar i komande budsjett:

1. Ber om ein gjennomgang av straum sparetiltak slik at me sikrar at kostandane blir så lave som mogeleg.
2. Ber om at gjennomgang av kostnad for fysiske lærebøker vert gjort og at dette vert kjøpt inn snarast mogeleg. Overskytande midlar frå SFO ekstra overføring kan brukast til innkjøp.
3. Kor mykje kostar overflaums vatn på vegar og tette røyr i arbeid og pengar? Det finns ny teknologi på markedet som lettar dette og kan kutte kostander. Vil kommunen undersøke om dette er eit produkt som kan vera kostanadsbesparande for Bømlo? og vurdere om ein kan ta dette i bruk? «Vossatrauet». (eg er mogeleg inhabil i ein eventuell vidare vurdering)
4. Læringsresultat i skulen (PISA) er nedslåande for landet. Ber om at kommunen ser nærare på kva som kan gjerast lokalt her i Bømlo skulen.

Framlegg frå Unni Seim (SV):

Pkt. 2.b. Godtgjersel til varaordførar skal vera 20 % av ordføraren si godtgjersel

Pkt. 3 Godtgjersle til folkevalde i Bømlo skal handsamast i slutten av valperioden.

Møte heva for gruppemøte

Endra framlegg etter gruppemøte

Thomas Kråkevik-Liaøy (Ap) pkt. 2 i framlegg frå Arbeidarpartiet vert:

Kommunestyret ber om at det blir utgreidd til revidert budsjett 2024 å auka stillinga for hovudverneombod for Bømlo kommune til heil stilling. Dette vil vera eit viktig tiltak for å sikra eit godt fysisk og psykisk arbeidsmiljø, for å redusera sjukefråværet og arbeida aktivt med heiltidskultur i kommunen.

Framlegg frå Unni Seim (SV):

Kommunestyret ber om at det vert utgreidd korleis ein kan sikre eit godt logopedtilbod for vaksne, om mogleg i samarbeid med PPT-tenesta.

Røysting:

Framlegget frå Joar Nesse (INP) vart mot fire røyster ikkje vedteke (Joar Nesse (INP), Bente Spissøy (INP), Jan Atle Haugland (INP) og Hans Eidesvik (INP)).

Framlegget frå Heidi Nimoson (K) vart ikkje vedteke mot ei røyst (Heidi Nimoson (INP)).

Opprinneleg framlegget frå Thomas Kråkevik-Liaøy (Ap):

Ikkje vedteke mot fem røyster (Thomas Kråkevik-Liaøy (Ap), Siv Linda Vespestad (Ap), Mari P. Totland (Ap), Sverre H. Sørensen (Ap) og Unni Seim (SV))

Framlegget frå Ragnfrid Sønstabø (H) på vegne av H, KrF og Frp pkt. 1-11 vart sett opp mot kommunedirektørens sitt framlegg pkt. 1-10. Framlegget frå Ragnfrid Sønstabø (H) vart vedteke mot seks røyster (Thomas Kråkevik-Liaøy (Ap), Siv Linda Vespestad (Ap), Mari P. Totland (Ap), Sverre H. Sørensen (Ap), Leif C. Andersen (Sp) og Unni Seim (SV)).

Endra framlegg frå Thomas Kråkevik-Liaøy (Ap) pkt. 2 vart samrøystes vedteke

Framlegget frå Unni Seim (Sv) vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta punktvis og koalisjonen sitt framlegg:

pkt. 12 - Samrøystes vedteke

Pkt. 13 - Vedteke mot fem røyster (Thomas Kråkevik-Liaøy (Ap), Siv Linda Vespestad (Ap), Mari Pedersen Totland (Ap), Sverre Hagerup Sørensen (Ap) og Unni Seim (SV))

Pkt. 14 - Vedteke mot fem røyster (Joar Nesse (INP), Bente Spissøy (INP), Jan Atle Haugland (INP), Hans Eidesvik (INP) og Unni Seim (SV))

Pkt. 15 - Stemmer ført over endringen i koalisjonen sitt framlegg lagt fram av Thomas Kråkevik-Liaøy (Ap) - Endring i i koalisjonen sitt framlegg vart vedteke mot 11 røyster (Morten Helland (KrF), Ragnfrid Sønstabø (H), Jørgen Søvold (H), Signe Lund Jansen (H), Christer Agasøster (H), Sonja Hellen Sele (H), Vegard Enerstvedt (H), Frode Urangsæter (Frp), Anne T. Johannessen (Frp), Marianne S. Tollaksvik (Frp) Georg Lønning (Frp)).

Framlegget pkt. 15 med endring vart samrøystes vedteke.

Pkt. 16 - Samrøystes vedteke

Pkt. 17 - Samrøystes vedteke

Pkt. 18 - Samrøystes vedteke

Pkt. 19 - Samrøystes vedteke

Pkt. 18 - Samrøystes vedteke

Pk. 19 - Samrøystes vedteke

Pkt. 20 - Samrøystes vedteke

Pkt. 21 - Samrøystes vedteke

Pkt. 22 - Samrøystes vedteke

Pkt. 23 - Samrøystes vedteke

Pkt. 24 - Samrøystes vedteke

Vedtak:

Kommunestyret gjorde slikt **vedtak**:

1. Kommunestyret vedtek årsbudsjett 2024 og økonomiplan for åra 2025 – 2027 slik det ligg føre/med desse endringane:
2. Kommunestyret vedtek i samsvar med innstilling frå kontrollutvalet følgjande budsjetttramme for kontroll og tilsyn i kommunen: kr 1 586 000.
3. Skattøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunale skattøre.
4. Kommunestyret vedtek følgjande eigedomsskattevedtak
 - a. I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 bokstav a) skal følgjande utskrivingsalternativ for eigedomsskatt nyttast for skatteåret 2024: Eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen.

b. Kommunar som til og med år 2018 skreiv ut skatt på kategorien verk og bruk, kan frå 2019 til og med 2024 vedta å skriva ut skatt på eit særskild fastsett grunnlag. Grunnlaget er differansen mellom ny takst for objekta frå 2019 og skattegrunnlaget i 2018: Det vert skriva ut skatt på det særskilde skattegrunnlaget som skal vere lik ein sjuandedel av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019, i 2024. (overgangsregel til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd første pkt).

c. Skattesatsen vert sett til 2,7 % av takstverdet for bustader og fritidseigedomar. Skattesatsen vert sett til 3,0 % av takstverdet for nærings eigedom og ubebygd grunneigedom. Skattesatsen på det særskilde grunnlaget vert sett til 3,0 %.

d. Skattesatsen på det særskilde grunnlaget vert sett til 3,4%

I medhald av eigedomsskattelova § 7a og b gir kommunestyret fritak for eigedomsskatt for 2024 til eigedomar tilhøyrande stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagne ein kommune, eit fylke eller Staten og eigedomar av historisk verdi. Dei eigedommane som etter eigedomsskattelova § 7 har fått fritak i tidlegare år får fritak for eigedomsskatt i 2024.

e. Ved utskriving av skatt på bustadeigedommar nyttar kommunen skatteetaten sitt formuesgrunnlag for dei bustader kor dette er berekna (eigedomsskattelova 8 C-1)

f. Takstar som følgje av almen taksering gjennomført i 2022 skal nyttast på alle eigedommar som ikkje er omfatta av skatteetaten sitt formuesgrunnlag.

g. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.

h. Eigedomsskatten skal betalast i 4 terminar.

5. Kommunestyret vedtek å ta opp inntil kr 20 000 000 i startlån til vidare utlån. Lånet er innarbeida i investeringsbudsjettet for 2024. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lånet i Husbanken.

6. Kommunestyret vedtek å ta opp inntil kr 37 390 000 i lån til investeringar i bygg, anlegg og utstyr Jfr. Kommunelova §14-15. Lånet inngår i kommunen si samla låneportefølje.

Lånegjelda skal nedbetalast med minimumsavdrag, jfr kommunelova § 14-18.

Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån, jfr. kommunen sitt finansreglementet.

Kommunestyret vedtek at låneporteføljen til kommunen, og alle lån i porteføljen kan refinansierast i budsjettåret.

Kommunedirektøren står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opphavleg vedtak.

7. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele lønnsreserven I samsvar med resultatet av lønnsforhandlingane for 2024. Kommunedirektør får fullmakt til å endra driftsbudsjettet mellom rammeområda der endringane er av budsjett-teknisk og ikkje-prinsipiell karakter.

8. Kommunestyret vedtek å busetje 60 flyktningar i 2024

9. Kommunestyret vedtek kommunalt tilskot med kr 3 147 000 til Bømlø kulturhus KF. Tilskotet omfattar husleige for Kulturskulen og Biblioteket

10. Kommunestyret vedtek å ta opp trekkrett/kassakreditt i Sparebanken1 SR-bank med ei ramme på inntil 100 mill. kr. Kommunedirektøren får fullmakt til å disponere trekkretten.

11. Budsjettpostar i kommunedirektøren sitt framlegg vert justert etter dette oppsettet: (i heile 1000 kroner):

DRIFTSBUDSJETT	Auke/reduksjon inntekt	Inndekning
Auka driftstilskot til Moster amfi i jubileumsåret	500	
Auke i skatte-/inntektsutjamning basert på innbyggjarar (oppdaterte tal på innbyggjarar)		
Nivå eigedomsskatt til 2,7/3,0 promille	5 700	
Budsjettforlik, auke i kommuneramma (noko avsett til SFO)		
Reduksjon av kommunedirektøren si styrking av driftsbudsjett 0,2 prosent		
Justere opp sats til Frivilligsentralen, i tråd med auke frå statleg overføring og auka kommunal del	150	
Sum	6 350	
INVESTERINGSBUDSJETT		
	Reduksjon finansiering i investeringsbudsjettet	Reduksjon utgå investeringsbudsjettet
Sum sett av til skulebruksplan		
Tilbakeført finansiering salsinntekter/investeringsfond	500	

12. Kommunestyret ber om at det gjeve ein status på arbeid med «Helt med» i Bømlo kommune, med eit mål om å ta i bruk tiltaksplassane me kan få gjennom dette prosjektet.

13. Kommunestyret ber om ei utgreiing av byte av pensjonsleverandør for Bømlo kommune. Denne skal gjennomførast før budsjetttrunden for 2025.

14. Kommunestyret ber om ein gjennomgang av eigedomsporføljen til Bømlo kommune. Det skal vurderast sal av eigedomar som ikkje er i bruk, inkludert kommunale kaier.

15. Kommunestyret ber om ei sak der det vert greia ut om det er føremålstenleg å nytta kommunal vikarpool for helse og skule.

16. Kommunestyret ber om ei sak der det vert greia ut om det mogleg at seniorar som ønskjer det, kan stå lenger i arbeid, anten som ekstraressurs eller i fast stilling.

17. Kommunestyret ber om ei vurdering av om kommunale verksemdar som Viergo AS og Basen i større grad kan nyttast i kommunal tenesteproduksjon, til dømes i tekniske tenester og uteseksjon.
18. Innsparing som kjem som følge av endrings- og effektiviseringsprosessar skal nyttast til å betra det økonomiske handlingsrommet til kommunen.
19. Kommunestyret ber om at budsjettprosessen vert lagt om slik at politisk nivå blir tidlegare og meir involvert, allereie etter første tertialrapport. Kommunestyret ber kommunedirektøren koma tilbake med eit forslag til korleis dette kan gjerast. Det er dømer på slike prosessar i Vaksdal kommune og i Vestland fylkeskommune.
20. Kommunestyret ber om ei oversikt over ikkje-lovpålagte oppgåver/tenester i kommunen. Denne skal vera klar i løpet av våren 2024.
21. Kommunestyret ber om ei utgreiing, anten som ei eiga sak, eller i kommunedelplanen om idrett, kultur og frivilligheit, om korleis me på best mogleg måte kan ivareta utbygging og forvaltning av idretts- og nærmiljøanlegg i heile kommunen. Det er naturleg å sjå på om Sentralidrettsanlegget AS i større grad kan vera involvert i fleire prosjekt, eller om det skal lagast eitt eller fleire nye selskap som jobbar for same interesser.
22. Ved utarbeiding av kulturplanen ber me om at det vert gjort ei heilskapleg vurdering av korleis den økonomiske støtta frå kommunen vert fordelt mellom ulike lag, organisasjonar og aktørar.
23. Kommunestyret ber om at det frå kommunen si side vert arbeidd med å få til ein «bygdabuss», eventuelt ei «ringrute» mellom, eller i, bygdene.
24. Reduksjonen på 0,2 % i driftsbudsjettet kan fordelast ulikt på seksjonane. Administrasjonen legg fram forslag og rapporterer til formannskapet ved statusrapportering på drift.
25. Kommunestyret ber om at det blir utgreidd til revidert budsjett 2024 å auka stillinga for hovudverneombod for Bømlo kommune til heil stilling. Dette vil vera eit viktig tiltak for å sikra eit godt fysisk og psykisk arbeidsmiljø, for å redusera sjukefråværet og arbeida aktivt med heiltidskultur i kommunen
26. Kommunestyret ber om at det vert utgreidd korleis ein kan sikre eit godt logopedtilbod for vaksne, om mogleg i samarbeid med PPT-tenesta.

PS 99/23 Reglement for godtgjersle til kommunale folkevalde i Bømlo

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Godtgjersle til kommunale folkevalde i Bømlo skal kvart år justerast i samsvar med den årlege reguleringa av godtgjersle til ein stortingsrepresentant.

2. Frå og med konstituerande kommunestyremøte 2023 skal godtgjersle for politisk arbeid i Bømlo fastsettast slik:
 - a) Godtgjersle til ordførar skal til ei kvar tid vera 100 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle.
Det vert ikkje betalt godtgjersle til ordføraren for møte i kommunale organ.
Ordførar skal ikkje motta godtgjersle for møte i organ der ordførar møter i kraft av vervet sitt.
 - b) Godtgjersle til varaordførar skal i valperioden vera 60 % av ordføraren si godtgjersle.
Varaordførar skal ikkje motta godtgjersle for møte i organ der varaordførar møter i kraft av vervet sitt.
 - c) Alle andre verv blir kompensert som i dag, men nivået blir heva tilsvarende den relative hevinga av ordførargodtgjersla.
 - d) Alle verv som i dag er kompensert med eit fast kronebeløp blir regulert tilsvarende den relative hevinga av ordførargodtgjersla (avrunda til næraste 50,-).

3. Godtgjersle til folkevalde i Bømlo skal handsamast som eige sak så tidleg som mogleg etter konstituering i kvar ny kommunestyreperiode.

Saksprotokoll i Formannskapet - 16.11.2023

Behandlinger:

Nytt framlegg frå Birgit Sønstabø Esperø (KrF):

Endringsforslag til punkt 3.

1.6 Leira i Naturbruksutvalet frå ei godtgjersle på 1,5 %

Nytt framlegg frå Birgit Sønstabø Esperø (KrF):

1.8 Leiar av kontrollutvalet. Godgjersla skal utgjera 3% av ordføraren si godgjersle

Nytt framlegg frå Bjørn Asle Teige (Sp):

Endringsforslag til punkt:

1.3. Medlem i kommunestyret - 3 %

1.4 Medlem i Formannskapet - 5 %

1.5 Utvalsleiar gruppe I - 4 %

1.7 Gruppeleiarar - 3 %

1.8 Leiar kontrollutvalet - 7 %

Bakgrunn: Rettferdig godtgjersle ut frå medgått tid til møter, førebuing og etterarbeid. Det går med mykje meir tid til desse oppgåvene enn det er godgjort i dag, det er og eit vesentleg ansvar i desse verva.

Røysting:

Framlegget frå Bjørn Asle Teige (Sp) vart ikkje vedteke mot ei røyst (Bjørn Asle Teige (Sp))

Framlegget frå Birgit Sønstabø Esperø (KrF) pkt. 1.6 var vedteke mot tre røyster (Mari P. Totland (AP), Joar Nesse (INP) og Jan Atle Haugland (INP)).

Framlegget frå Birgit Sønstabø Esperø (KrF) pkt. 1.8 var vedteke mot ei røyst (Mari P. Totland (Ap)).

Framlegget frå kommunedirektøren vart mot fire røyster (Bjørn Asle Teige (Sp), Mari P. Totland (Ap), Joar Nesse (INP) og Jan Atle Haugland (INP)) vedteke med to endringar:

Innstilling:

Formannskapet **innstiller** slik overfor kommunestyret (mot fire røyster) i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg med fylgjande endring:

Endring til punkt 3.

1.6 Leira i Naturbruksutvalet frå ei godtgjersle på 1,5 %

1.8 Leiar av kontrollutvalet. Godgjersla skal utgjera 3% av ordføraren si godgjersle

Saksprotokoll i Kommunestyret - 04.12.2023

Behandlinger:

Framlegg frå Morten Helland (KrF):

- Saka vert utsett til neste møte i kommunestyret 11.12.2023.

Framlegget om å utsetje saka vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret gjorde samrøystes slikt **vedtak**:

- Saka vert utsett til neste møte i kommunestyret 11.12.2023.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 11.12.2023

Behandlinger:

Nytt framlegg frå Bjørn Asle Teige (SP):

Møtegodtgjerse:

Kommunestyret 2%

Formannskapet 4%

Utvallsleiar: 4%

Gruppeleiar: 4%

Nytt framlegg frå Thomas Kråkevik-Liaøy (Ap):

1. Godtgjersla for kontrollutvalgets leiar holdes på dagens nivå
2. Godtgjersla til naturutvalgsleiar holdes på dagens nivå
3. Ekstra punkt inn for varaordfører stilling
"Det vert ikkje betalt godtgjersle til varaordføreren for møte i kommunale organ."

Nytt framlegg frå Birgit Sønstabø Esperø (KrF):

Legg fram innstilling frå formannskapet med desse endringane

Punkt 1.5 Utvalsleiar gruppe 1: Godtgjersla skal utgjere 4 % av ordføraren si godtgjersle
Punkt 1.8 leiar i kontrollutvalet: Godtgjersla skal utgjere 4 % av ordføraren si godtgjersle

Nytt framlegg frå Unni Seim (SV):

- Pkt. 2.b. Godtgjersel til varaordførarar skal vera 20 % av ordføraren si godtgjersle.
- Pkt. 3. Godtgjersel til folkevalde i Bømlo skal handsamast i slutten av valperioden.

Røysting:

Det vart først røysta over endringane:

Framlegget frå Bjørn Asle Teige (Sp) vart ikkje vedteke mot to røyster (Bjørn Asle Teige (Sp) og Leif Christian M. Andersen (Sp)).

Framlegget frå Birgit Sønstabø Esperø (KrF) vart vedteke mot ti røyster (INP), (Ap), (Sp)

Framlegget frå Thomas Kråkevik-Liaøy (Ap) vart røysta punktvis:

Pkt. 1. Fell vekk grunna allereie vedteke godtgjersel for leiar i kontrollutvalet

Pkt. 2. Framlegget frå Thomas Kråkevik-Liaøy (Ap) vart ikkje vedteke mot ni røyster (Ap), (INP) og (SV).

Pkt. 3. Samrøystes vedteke

Framlegget frå Unni Seim (SV) vart røysta punktvis:

Punkt 1. Ikkje vedteke mot seks røyster (Unni Seim (SV), Joar Nesse (INP), Bente Spissøy (INP), Jan Atle Haugland (INP), Hans Eidesvik (INP) og Leif Christian M. Andersen (Sp).

Punkt 2. Samrøystes vedteke.

Innstilling frå formannskapet med fylgjande endringar vart samrøystes vedteke:

Punkt 1.5 Utvalsleiar gruppe 1: Godtgjersla skal utgjere 4 % av ordføraren si godtgjersle

Punkt 1.8 leiar i kontrollutvalet: Godtgjersla skal utgjere 4 % av ordføraren si godtgjersle

Pkt. 3. Godtgjersel til folkevalde i Bømlo skal handsamast i slutten av valperioden.

Ekstra punkt inn for varaordfører stilling

Det vert ikkje betalt godtgjersle til varaordføreren for møte i kommunale organ.

Vedtak:

Kommunestyret gjorde samrøystes **vedtak** i samsvar med framlegg frå kommunedirektøren med fylgjande endringar:

Endringar i vedteke i formannskapet:

Endring til punkt 3.

1.6 Leira i Naturbruksutvalet frå ei godtgjersle på 1,5 %

Endringar vedteke i kommunestyret:

Punkt 1.5 Utvalsleiar gruppe 1: Godtgjersla skal utgjere 4 % av ordføraren si godtgjersle
Punkt 1.8 leiar i kontrollutvalet: Godtgjersla skal utgjere 4 % av ordføraren si godtgjersle

Pkt. 3. Godtgjersel til folkevalde i Bømlo skal handsamast i slutten av valperioden.

Ekstra punkt inn for varaordfører stilling

Det vert ikkje betalt godtgjersle til varaordføreren for møte i kommunale organ.

SI 50/23 Spørsmål og interpellasjonar

Saksprotokoll i Kommunestyret - 11.12.2023

Ingen.